

Polaris Media ASA
Trondheim

Til

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

postmottak@kud.dep.no

Trondheim, 13. januar 2014

**FRÅSEGN I SAMBAND MED FORSLAGET OM ENDRINGAR I «FORSKRIFT OM
PRODUKSJONSTILSKUDD TIL NYHETS- OG AKTUALITETSMEDIER»**

Vi viser til høyringsbrev datert 02.12.2013.

Innleiing: Polaris Media eig ei rekke mindre mediehus med aviser som har nokre få tusen i opplag. Bortimot ti av desse vil bli ramma om produksjonstilskotet fell bort, litt avhengig av tidspunktet som blir lagt til grunn. Denne fråsegna er frå Polaris Media som konsern og sentralt eigarselskap i det norske mediemarkedet. I tillegg vil nokre av dei mindre mediehusa sende eigne, sjølvstendige fråsegner, medan andre sluttar seg til det regionale og sentrale bransjeorganisasjonar har vedteke å sende til departementet.

Oppsummering: Polaris Media er sterkt kritisk til den mest sentrale delen av forslaget til endringar; å fjerne produksjonstilskotet til mediehus med aviser som har eit opplag mellom 4.000 og 6.000. Ikkje berre vil eit slikt grep einsidig ramme mindre mediehus som er svært viktige i sine lokalsamfunn. Det kjem også på eit tidspunkt med fallande opplag, reduserte reklameinntekter og svake resultat, der dei same mediehusa har eit stort behov for å bruke ressursar på å sikre seg digitale posisjonar i sine område. På den måten kan dei i framtida spele ei like viktig rolle som tidlegare i det lokale demokratiet og samfunnslivet.

Bakgrunn: Norske lokalaviser har i mange år spelt ei uvurderleg rolle i Norge. I tillegg til større lokal- og regionaviser, har svært mange lokalsamfunn ei nær avis som dekkjer ei eller nokre få kommunar og kjem ut ein, to eller tre dagar i veka. Dette har gitt innbyggjarane ein kanal å ytre seg i, eit talerør for lokale saker og eit lim i lokalsamfunnet med nære nyhende, informasjon og reklame. Dette har vore – og er – heilt avgjerande for den demokratiske balansen i Norge. Balansen mellom by og land, mellom sentrale deler og periferien.

Ingen andre land kan vise til noko liknande. Vi har ein avisstruktur som er heilt unik, og folk har i alle år slutta opp om dei lokale avisene, ikkje minst ute i distrikta. Det er ingen tvil om at dei politiske verkemidla i form av støtteordningar, har vore heilt avgjerande for å oppnå dette. Derfor er det ganske uforståeleg at det no blir lagt fram eit forslag som einsidig ramar den kanskje viktigaste gruppa av desse avisene – på det verst tenkelege tidspunktet. Eit forslag som omsett til redaksjonelle ressursar inneber ei eller fleire journaliststillingar for dei som blir ramma. Det kan skje «over natta» og utan overgangsordningar, sjølv om det i fundamentet for Regjeringa – og i høyringsbrevet – blir sagt at omleggingar skal skje «over tid» og det berre skal vere «enkelte justeringar i ordninga».

Støttar omlegging: Polaris Media støttar ei omlegging av støtteordningane. Mellom anna er det viktig å gjere støtten plattformnøytral. For den aller største utfordringa for dei mindre mediehusa i Norge, er å få til ein vellykka transformasjon over til digitale plattformer. Svært mange av desse mediehusa er framleis i ein tidleg fase i denne utviklinga.

Vi trur desse mediehusa kan spele ei svært sentral rolle i sine lokalsamfunn også på digitale plattformer. I kampen for å oppnå og halde på slike posisjonar, er dei langt frå «åleinemedium» i sine marknader, og dei færreste har greidd å sikre seg digitale «nummerein»-posisjonar. Sjølv om dei har sterke posisjonar på papir, er det ikkje sjølsagt at posisjonane kan overførast til digitale plattformer. For lokalsamfunna er det viktig at dei greier dette – og ikkje blir overkøyrde av nasjonale og internasjonale aktørar. For å lykkast, er det av stor verdi å ha ein økonomi som er solid nok til å tole omstillinga og ha evne til produktutvikling og nyskaping.

Svak økonomisk utvikling: I høyringsbrevet blir det sagt at ordninga skal gjerast meir «treffsikker» ved å utelate dei som har eit opplag mellom 4.000 og 6.000. Det blir vist til at dei som gruppe har eit overskot før støtte, og at dei har ein god eigenkapitalsituasjon.

Det siste må først og fremst tilskrivast at mediehus som mottar tilskot, ikkje har høve til å betale utbytte. Dette er midlar som det sjølsagt er godt å ha når dei skal gjennomføre store omstillingar og satse på innovasjon, men kan ikkje sikre den løpande drifta over tid.

Viktigare er det å peike på at den grunnleggande driftsøkonomien er inne i ei svak og heller dramatisk utvikling. Om vi tar vekk tilskot og finansinntekter, hadde meir enn halvparten av mediehusa i denne gruppa negativt resultat i 2012, og driftsmarginen har i snitt vore fallande. Når vi veit at reklameinntektene på papir er under sterkt press for alle medieverksemdar, at papiravisopplaget går nedover for dei aller fleste, og at det er svært få (om nokon) som greier å kompensere tilstrekkeleg med digitale inntekter, så står desse mediehusa i ein krevande situasjon.

Derfor har det vore nødvendig for mange å sette i verk program for å redusere kostnadene. Ikkje minst for å bli robuste nok til å takle dei digitale utfordringane. Så langt som mulig blir dette gjort utan å ramme redaksjonelle årsverk. Om inntektene frå produksjonstilskotet fell vekk, vil det heilt klart gjere situasjonen vesentleg meir krevande.

Viktige for nynorsk: På toppen av den demokratiske funksjonen, og som motvekt til ei sentralisering av journalistisk innsats, har denne gruppa av mediehus spelt ei svært viktig rolle for å gjere nynorsk til eit alminneleg skriftspråk i Norge. Det er ikkje sikkert at politikarane gjennom åra har vore bevisste på den språkpolitiske effekten. Sterke lokalaviser med djup forankring i den lokale identiteten og kulturen, har ein viktig funksjon for språkutviklinga på den aktuelle staden. I denne gruppa av mediehus er det relativt sett mange som brukar nynorsk som skriftspråk. Om desse mediehusa blir svekka, vil det ramme bruken av nynorsk som eit levande skriftspråk. I staden bør det vere eit mål at desse mediehusa kan spele ei viktig rolle for nynorsken også i den digitale framtida.

Rammar vilkårleg og lite forutsigbart: Ettersom det i ei årrekke har vore ei grense på 6.000 i opplag, og dette har vore forutsigbart over tid, vil det ramme svært vilkårleg om grensa blir flytta med kort varsel. Forholdsvis like mediehus kan vere på kvar si side av grensa, og alle har behov for omrømingstid om så dramatiske endringar skal settast i verk. Vi reagerer sterkt på at det kjem eit forslag 2. desember 2013, der siktemålet er at endringane skal gjelde alt i 2014. Vi oppfattar dette som uforutsigbart og vilkårleg. I den grad Regjeringa vil sette i verk endringar for denne gruppa, vil det i alle tilfelle vere stort behov for overgangsordningar.

Andre forslag: Av dei andre forslaga til endringar som er med i høyringsbrevet, kan vi støtte at det blir sett eit tak på 40 prosent av driftskostnadene. Vi har heller ikkje problem med forslaget om å avgrense Medietilsynet sin heimel for å gi dispensasjonar, og det verkar fornuftig å innhente ei fråsegn frå Støtteutvalet før det blir gjort vedtak om å gi dispensasjon.

Avslutning: Med bakgrunn i det som er gjort greie for, vil vi på det sterkaste frårå at det blir gjort endringar i tråd med høyringsbrevet når det gjeld gruppa med 4.000-6.000 i opplag. Når det skal gjerast endringar, er det viktig å legge til grunn ei plattformnøytral og heilskapleg tilnærming. Det er også viktig å etablere konstruktive overgangsordningar, og det er viktig at nye ordningar blir så forutsigbare som mulig.

Med vennleg helsing

Polaris Media

Per Axel Koch
konsernsjef